



## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet i Radøy	

Sakshandsamar:	Sektor for oppvekst	Jo Bjarte Tømmerbakke
Arkivnr.:	15/1972	Dokumentnr.: 16/80

### Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom – prioritering av søknader

#### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Føremålet med tilskotsordninga er å motverka og/eller dempa konsekvensane av fattigdom blant barn og ungdom. Tilskotsordninga skal vera eit verkemiddel for å gje fleire born og ungdomar høve til å delta på sosiale arenaer som ferie- og fritidsaktivitetar, uavhengig av inntekta og den sosiale situasjonen til foreldra. Tilskota vert retta mot mot born og ungdom og gjeld tiltak innen kultur, fritids- og ferieaktivitetar. Det er Bufdir som forvaltar tilskotsordninga og for 2016 er det ca 149 millioner kroner til fordeling.

Det kan søkjast om midlar til tiltak som:

- a) bidrar til at born og ungdom berørt av fattigdomsproblem og deira familiær kan delta i kultur- og fritidsaktivitetar.
- b) bidrar til at born og ungdom berørt av fattigdomsproblem og deira familiær kan delta i ferieaktivitetar.
- c) bidrar til deltaking for born og ungdom berørt av fattigdomsproblem på alternative mestringsarenaer

I samband med arbeidet mot barnefattigdom er det etablert ei nettverksgruppe i kommunen som består av representantar for oppvekstsektoren, barnevernet, sosialtenesta, helsestasjonen, ungdomskoordinatoren, kulturavdelinga og frivilligsentralen i kommunen.

Kommunen sin frist for å vurdere og handsame søknadane er 8. februar 2016. Søknadane skal handsamast og prioriterast politisk.

#### Vurdering

Kommunen fekk tre søknadar om midlar innan fristen gjekk ut 20. nov 2015. Alle søknadane ligg som vedlegg til saksframlegget.

Dei tre søknadane kjem frå Radøy ungdomsklubb, Radøy kommune og Hordabø idrettslag.

### **Radøy ungdomsklubb ynskjer å arrangere ein sommercamp for ungdom sommaren 2016:**

Ikkje alle har råd til eller mulighet til å reise på ferie. Campen kan derfor gje ungdom eit tilbod til å være sosiale ute saman med andre ungdommar. Det vil vere varierte aktivitetar for å passe alle sitt behov og interesser. Tiltaket vil ha fokus på uorganiserte ungdom, men vil vere ope for alle.

Inkludering vil være i fokus, og alle skal kjenne seg involvert og sett. Ungdomane må inkludere kvarandre og respektere kvarandre på tvers av alder, kultur, bakgrunn og interesser.

Sommercampen er eit gratis tilbod for alle unge mellom 12-19 år. Det vil verte arrangert varierte aktivitetar over ein periode på fem veker i løpet av sommarferien med aktivitetar både på dag og kveldstid.

Ungdomskoordinator og ungdomsklubben arrangerer campen, men har med seg fleire lag og organisasjoner som tilbyr aktivitetar for ungdommen. Ungdomsklubben vil også samarbeide med barnevernet, NAV og sosiallærer for å få med dei ungdommene som har behov for det og er i denne målgruppa.

Ungdomsklubben søker om 131 360 kr til tiltaket

### **Radøy kommune ynskjer å gje eit aktivitetstilbod til born i sommar- og haustferien:**

Tiltaket rettar seg spesielt mot born og unge i familiar med fattigdomsproblematikk, born frå familiar med innvandrarbakgrunn og born som veks opp i familiar med rus. Born som elles tar liten del i ferie- og fritidsaktivitetar om sommaren og feriar elles skal få eit lett tilgjengeleg tilbod der verken familien sin økonomi eller mangel på transport skal vera til hinder for deltaking.

Tiltaket vil gje tilbod om dagsaktivitetar for born i sommarferien i (minst) åtte dagar som besøk i klatrepark, vassaktivitetar saman med redningsselskapet sitt unglag, riding og steinalderdag. I tillegg vert det to dagar gjer med eit aktivitetstilbod for borna saman med resten av familien deira. Då får dei tilbod om tur til Bergen med besøk på Vil vite-senteret og tur til Skageneset med bading og grilling. Ein har også lagt inn ein overnattingstur til Rongevær for familiar, med to overnattingar.

Radøy kommune stiller med to personar som tar ansvar for aktivitetane og det praktiske kring dette opphaldet. Ein har også lagt inn minst seks kinokveldar der ein viser filmar i kinosalen. I haustferien vert det tilbod om ein dag med riding og to dagar med open hall og svømmebasseng.

Ansvarleg for gjennomføring er kulturkontoret i kommunen saman med barnevernstenesta. Andre aktørar er ungdomskoordinator, psykiatritenesta, NAV, Radøy ungdomsklubb, RS Ung, Keipane kystlag, Radøy ridesenter og Radøy frivilligsentral.

Radøy kommune søker om 176 250 kr til tiltaket

### **Hordabø idrettslag ynskjer å gje eit tilbod til flyktningar og asylsøkjarar**

Hordabø idrettslag søker om midlar til auka samfunnsdeltaking og integrering for medlemmar i laget, flyktningar og eventuelt asylsøkjarar dersom etablering av mottak. Målet med tiltaket er auka engasjement og samfunnsdeltaking for alle, gjennom deltaking på idrettslege aktivitetar. Gjennom deltaking i planlegging av aktivitetar kan born og unge i tillegg få auka mestringkjensle og engasjement for frivillig arbeid.

Hordabø idrettslag søker om 100 000 kr til tiltaket.

### **Konklusjon**

Rådmannen vurderer at alle dei innkomne søknadane er i tråd med føremålet med tilskotsordninga, som er å motverke og/eller dempe konsekvensane av fattigdom blant barn og ungdom. Tiltaka det er søkt om midlar til er innafor retningslinjene for tiltaksordninga.

Rådmannen vil tilrå at kommunen sender alle søknadane vidare til endeleg handsaming hjå Bufdir, etter at Formannskapet har gjort sitt vedtak om prioritering av søknadane.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Saka vert lagt fram til politisk prioritering utan innstilling frå rådmannen**

**Formannskapet i Radøy har i møte 20. januar 2016 gjort vedtak om følgjande prioritering av søknadane:**

1. Radøy kommune – Aktiv ferie – kontaktperson Bente Kopperdal Hervik
2. Radøy ungdomsklubb – Sommercamp for ungdom – kontaktperson Katarina Birkeland
3. Hordabø idrettslag – Samfunnssdeltaking – kontaktperson Frode Myking